

Fråsegn i samband med spørsmål om oppretting av dagkirurgisk aktivitet på Nordfjord sjukehus.

Regionråda Samarbeidsforum i Sunnfjord, HAFS-regionråd og Sogn regionråd har merka seg diskusjonen som pågår kring spørsmålet om oppretting av dagkirurgisk aktivitet på Nordfjord sjukehus.

Dei tre regionråda ber om at spørsmålet om dagkirurgisk aktivitet på Nordfjord sjukehus blir avgjort på bakgrunn av det som gir folket i Sogn og Fjordane eit best mogeleg spesialisthelsetenestetilbod samla sett, og vil i samband med dette særskilt peike på at:

- Spørsmålet om dagkirurgisk aktivitet på Nordfjord sjukehus må bygge på medisinsk-faglege vurderingar, basert på eit så godt fagleg og faktisk grunnlag som råd.
- Ved avgjerd av om det skal opprettast dagkirurgisk aktivitet på Nordfjord sjukehus må konsekvensane for Førde sentralsjukehus og Lærdal sjukehus leggast vekt på, her medrekna om dette vil svekke eksisterande fagmiljø.

Dei tre regionråda vil generelt også peika på at:

- Oppretting av nye tilbod i Helse Førde berre bør opprettast dersom det er tilstrekkeleg pasientgrunnlag for dette, og det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet i dag.
- Sårbare fagmiljø i Helse Førde må ikkje splittast opp unødige.
- Helse Førde sin økonomi er framleis ikkje friskmeldt, og at ein av den grunn bør vere varsam med å auke kostnadsnivået .

Med venleg helsing

Regionrådet i Sunnfjord (kommunane Jølster, Gaular, Naustdal, Førde og Flora)
v/leiar Mathias Råheim

HAFS-regionråd (kommunane Hyllestad, Solund, Askvoll, Fjaler og Gulen)
v/leiar Jan Olav Gjerde

Sogn regionråd (kommunane Årdal, Lærdal, Aurland, Luster, Sogndal, Leikanger, Balestrand, Vik og Høyanger)
v/nestleiar Jarle Aarvoll

